

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 14.01.2009
Sakhandsamar: Synnøve Serigstad
Saka gjeld: **Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest**

Arkivsak

2007/610/016

Styresak 010/09 B

Styremøte 04.02. 2009

Bakgrunn:

I styresak 122/08 B Risikostyring i Helse Vest – status og rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet blei det gjort greie for gjennomføringa og resultatane av risikovurderinga som blei gjennomført i føretaksgruppa hausten 2008. I tillegg blei det kort gjort greie for prosjektet Risikostyring i Helse Vest, som har hatt som mandat å utarbeide eit system for risikostyring i føretaksgruppa. Administrerande direktør legg med denne saka fram retningslinjene for risikostyring i Helse Vest som dette prosjektet har arbeida fram.

Prosjektet Risikostyring i Helse Vest har vore organisert med direktørmøtet i Helse Vest - med tillegg av ein representant frå dei konserntillitsvalde - som styringsgruppe for prosjektet. Administrerande direktør i Helse Vest RHF har vore prosjekteigar.

Det har vore etablert ei prosjektgruppe som har hatt følgjande samansetting:

Ivar Eriksen, Helse Vest RHF, prosjektleiar
Tone Nordtveit Dale, Helse Bergen HF
Arild Johansen, Helse Stavanger HF
Jøran Laukeland, Helse Førde HF
Hilde Kallevik, Helse Fonna HF
Liv Rustenberg, Apoteka Vest HF
Tron Emil Ingebrigtsen, Helse Vest IKT AS
Synnøve Serigstad, Helse Vest RHF, fasilitator

Prosjektgruppa har gjennomført tre møter frå oktober til desember 2008 og har elles kommunisert per e-post. Prosjektgruppa har utarbeida retningslinjer for risikostyring i Helse Vest med malar for gjennomføring og rapportering som vedlegg. Retningslinjene med vedlegg blei godkjende av styringsgruppa for prosjektet på direktørmøtet i Helse Vest den 12.1.09.

Kommentarar:

Utgangspunktet for prosjektet var at det skulle utarbeidast retningslinjer for risikostyring i Helse Vest RHF og eit system for overordna risikostyring i føretaksgruppa. Gjennom arbeidet i prosjektgruppa blei det frå helseføretaka uttrykt ønskje om å utarbeida retningslinjer og malar for gjennomføring og rapportering av risiko felles for heile føretaksgruppa. Det inneber at alle helseføretaka og Helse Vest IKT er underlagt dei same retningslinjene og metode for gjennomføring av risikostyring, og at alle verksemdene skal nytte seg av dei same malane for rapportering av risiko. Dette gjer at ein får eit heilskapleg system for risikostyring på tvers av verksemdene i føretaksgruppa.

Retningslinjene for risikostyring er først og fremst retta inn mot overordna risikostyring, det vil seie risikostyring knytt til styringskrav og overordna mål i ein mål- og resultatstyringstankegang. I retningslinjene er det gjort greie for ein systematikk i gjennomføringa av slik risikovurdering som er knytt opp til eksisterande styrings- og rapporteringsrutinar i føretaksgruppa. Risikostyring skal innførast med tanke på at den skal bli ein del av den styringa verksemdene allereie har etablert, men samstundes vere med på å vidareutvikle den. Krav om risikostyring og rapportering av risiko vil bli følgt opp ovanfor helseføretaka i styringsdokumenta for 2009.

Malen som er utarbeida for gjennomføring av overordna risikovurdering, skal i utgangspunktet også nyttast ved risikovurderingar knytt til verksemdene sine jamne aktivitetar og daglege produksjon (operativ risikostyring). Det er med dette lagt til rette for ein felles metode som kan danne grunnlag både for samanlikningar på tvers og aggregering av risikobilete frå operativt til overordna nivå.

I retningslinjene for risikostyring blir det stilt krav om at det i kvart helseføretak skal peikast ut personar som skal inneha rolla som risikokoordinatorar. Rolla som risikokoordinator er ikkje tenkt å utgjere ei eiga stilling, men er ein funksjon som skal støtte leiargruppa og bidra til at risikostyringa blir koordinert og oppdatert. Helse Vest RHF vil i løpet av våren 2009 kontakte risikokoordinatorane i dei einskilde helseføretaka med tanke på om det kan vere behov å danne eit nettverk koordinatorane i mellom.

Det er lagt til grunn at det blir gjennomført ei revidering av retningslinjene etter eit års bruk.

Forslag til vedtak:

Styret sluttar seg til dei framlagte retningslinjene for risikostyring i Helse Vest.

Vedlegg: Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest.